



Gunn Tone Skjeie og Knut Holba

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/1865 - 15/17309

Saksbehandlar:

Tore Johan Erstad

tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:

21.09.2015

## GBNR 21/59 - Trong for tilleggsopplysningar eller søknad om dispensasjon

Kommunen viser til tidlegare korrespondanse ved søknad om oppføring av garasje på ovannemnde eigedom.

Ved ny gjennomgang av søknaden er kommunen blitt merksam på at oppføring av dobbeltgarasje på eigedomen vil føre til at utnyttingsgraden vert høgare enn det reguleringsplanen tillèt.

Eigedomen er gjennom *Reguleringsplan for Dalemarka* bustadområde avsett til bustadføremål. Tiltaket er i samsvar med arealføremålet, jf reguleringsføresegnene § 2.

Tiltakshavar har i søknaden opplyst at tiltaket held seg innanfor reguleringsplanen sitt krav til maksimal tomteutnytting som seier at «*Samla bustadareal, saman med areal i garasje og andre uthus, skal ikkje vera meir enn 1/4 av tomten sitt areal*».

Administrasjonen opplyser om at reguleringsplanen her oppstiller maksimal utnyttingsgrad på 25 % BRA (bruksareal) og ikkje BYA som er oppgjeve i søknaden. Dette følgjer av bruken av omgrepet «bustadareal», samt at det etter administrasjonen sitt syn følgjer av rettleiaren «grad av utnytting» kap 5. I søknaden er det opplyst samla BRA på 196,8 m<sup>2</sup> og eit tomteareal på 701,6 m<sup>2</sup>. Ny BRA etter oppføring av garasje vert etter dette om lag 28 %. Tiltakshavar må sjølv kontrollere desse tala.

Før kommunen kan handsame søknaden må den enten endrast slik at dispensasjon ikkje er naudsynt, alternativt må det søkast om dispensasjon i medhald av plan- og bygningslova § 19-2. Kommunen krev ikkje fullstendig ny nabovarsling.

Eigar av gbnr 21/32 vert orientert om trong for dispensasjon ved kopi av dette skriv og har høve til å kome med merknader. Desse skal sendast tiltakshavar på vanleg måte for kommentar.

Med helsing

---

### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
konsulent byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Gunn Tone Skjeie og Knut Holba  
Svein Øystein Monsen